

Fylkestinget juni 2018

Interpellasjon

LHBT-politikk

Hordaland fylkeskommune har vedteke handlingsplan mot diskriminering av lesbiske, homofile, bifile og transpersonar i Hordaland fylkeskommune. Planen er utarbeidd i samarbeid med mellom anna LLH i Bergen og Hordaland, og gjev fylkeskommunen eit godt utgangspunkt for å kunne drive eit aktivt arbeid for å hindre mobbing, utestenging, diskriminering og trakassering av personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet.

Dette er difor ein viktig plan, som må vere godt synleg heile tida, ikkje berre ved rullering. Planen vert summert opp i tre hovudmål, med til saman 14 konkrete tiltak som fylkeskommunen skal jobbe med.

Kva er status på oppfølginga av dei 14 tiltaka i planen?

Kor mange representantar frå HFK har delteke på kurs i regi av LLH/Rosa kompetanse dei siste fire åra?

Iril Schau Johansen, Høgre